

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 15.02.2018
SAKSHANDSAMAR: Kristin Pundsnes
SAKA GJELD: **Nummerert brev**

STYRESAK: 25/18 0

STYREMØTE: 22.02.2018

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Bergen HF tek saka til orientering

Oppsummering

I samband med innføring av mva-refusjon frå 01.01.2017, blei det nødvendig med omlegging i rutinar for handtering av meirverdiavgift. Dette var ei stor omlegging, og føretaket la vekt på å få mest mogleg automatisk handtering av meirverdiavgift. Det blei også lagt opp til automatisk handtering av meirverdiavgift på vare- og tenestekjøp frå utlandet. For å kunne gjennomføre automatisk handtering, er grunnlaget utrekna etter fakturadato og er ikkje basert på tolldeklarasjonen.

Etter forskrift for meirverdiavgift ved innførsel skal meirverdiavgift utreknast i samsvar med reglane for varene sin tollverdi ved verdifortolling. Frå 2017 er det nytt krav om å vise importmeirverdiavgiftsgrunnlaga og summene på bakgrunn av tolldeklarasjonane på konto i rekneskapen for føretaket. Helse Bergen HF følgjer ikkje desse reglane gjennom å bokføre og utrekne meirverdiavgift gjennom fakturahandteringa og ikkje basert på tolldeklarasjon, noko revisor har kommentert i Nummerert brev nr. 1, sjå vedlegg.

Rutine som har vore i Helse Bergen gjer at ein i nokre tilfelle har utrekna verdien av litt for lågt grunnlag, og i andre tilfelle litt for høgt grunnlag. Helse Bergen har om lag 200 deklarasjonar kvar månad.

Tiltak

Det har no blitt gjort kontrollar av alle dei største utanlandske kjøpa i 2017. Dette arbeidet er framleis i gang, og ein vil då ha hatt gjennomgang av om lag 70 prosent av anskaffingane på tolldeklarasjonen. Internsystemet legg også opp til at ein kan spore samanhengen mellom tolldeklarasjon og inngåande faktura. I tillegg blir det gjort periodisk avstemming mellom grunnlag basert på tolldeklarasjon og grunnlag basert på faktura.

Frå 2018 vil ein ha periodisk avstemming og kontroll av faktura/deklarasjonar. På den måten sikrar ein at ein følgjer reglane etter meirverdiavgiftslov og bokføringslov.

Frå 01.01.2019 blir det innført nytt rekneskapsystem med nye regionale rutinar, der rutine rundt innførselsmeirverdiavgift er inkludert.

Vedlegg

1. Nummerert brev datert 6.desember 2017